



Trandalblues: Chris Thomas King leverte varene på Trandal laurdag.



Løda: I Løda spelte Spoonful of Blues både fredag og laurdag.



MK's Marvellous Medicine: Glitrande gitarframføringar frå Marie Kristin Dale.



Publikum: Toril Salen (nummer to frå venstre) var på Trandalblues saman med Svanhild Vartdal, og søskena Roger og Liv Bente Vidval.



Trandalblues: Kyrre Grimstad (t.v.), Arne Moe og Terje Myklebust var godt nøgde med bluesfesten.



Gjensyn: Arne Moe og Adam Douglas har spela saman i Woodleg Odd. På Trandal møttest kompisane att.



Fyrverkeri: Marie Kristin Dale frå Bergen og trioen MK's Marvellous Medicine imponerte stort under Trandalblues. Denne kvinnelege gitaristen er garantert ei komande stjerne i musikkverda.

Trandalblues- festen kjeppjaga regnvêret

Regnvêret yppa seg, men Trandalblues slo knockout med ein solid blå olboge.

● **Roy-Arne Folkestad**
roy-arne@morenytt.no

For her var det ingen grunn til å resignere grunna nokre regndropar på det som i utgangspunktet var ein traust sommar dag i Ørsta. Men det var før folk kom til Trandal. Der, i den vesle grenda, opna bluesverda seg nok ein gong, og under eit vasstett storsegl på Christian Gaard vart det skapt bluesfest til tusen - og for mange hundre tilskodarar. Trandalblues vart nok ein gong ein stor suksess, og arrangøren Bratt og Blått kunne konstatere at dei igjen klarte å ro i land det heile på eit framifrå måte. Det syntest også publikum, artistane og managerane.

- Dette må vere ein av dei flottaste stadene å arrangere ein bluesfestival på, sa manageren til bandet Chris Thomas King (USA) før den farga stjerneartisten entra scena.

Bergen

Toril Salen hadde teke turen frå Bergen for å vere med på festivalen. Og ho kokte berre slik ein bergensar med sans for det gode liv kan.

- Eg har høyrte om denne festivalen i mange år, men har aldri hatt høve til å kome. No er eg her endeleg, og det er berre heilt fantastisk, rosa Salen som hadde følgje med Svanhild Vartdal, og søskena Roger og Liv Bente Vidval.

Dei song og jubla saman med resten av publikum som voks og voks utover laurdagskvelden. Stemninga vart høgare medan tonane frå scena imponerte. Først ut var lokale TightRope, deretter kom dei på rekkje og rad banda, Adam Douglas (USA/NO), Chris Thomas King (USA) - og til slutt fyrverkeriet Marie Kristin Dale frå Bergen og trioen MK's Marvellous Medicine. Folk fekk hakeslepp over den særst evnerike gitaristen Dale. Eit talent utanom det vanlege. Også i Løda kokte det der Spoonful of Blues spelte både fredag og laurdag.

Midt i det heile stod arrangørane og gliste kvitt, med blå undertone. - Det er dette som er premien for oss arrangørar, at folk er blide og nøgde og kjem hit for å høyre god musikk, seier Terje Myklebust.

Elleve år

Det skal visst vere elleve år sidan det regna på trandal 2. juli. Men nokre regndråpar betydde ingen verdas ting. Her var det blå tonar og andre dropar som galdt.

- Folk kjem att år etter år, ikkje minst

ei hard kjerne. Trivsel er eit stort mål for oss, og vi gjer det vi kan for å ta vare på artistane så godt vi kan. Vi har mange frivillige som legg ned ein kjeppjobb og som vi ikkje hadde klart oss utan. Etter ni år no har vi funne resepten for arrangementet, og no går mykje av seg sjølv samanlikna med korleis det vart dei første åra, reflekterer Myklebust.

Pris

Det var Trandalblues sin kjære superidealist, Roald Jungård, som fekk Bratt og Blått-prisen under Trandalblues laurdag.

- Kva hadde vi gjort utan dagens prisvinnar? Trandalblues hadde ikkje vore det same utan den innsatsen Roald Jungård har lagt for dagen. For vi veit kor mange timar som ligg bak engasjementet, filmar og plakatane våre på Facebook. Vi var ikkje i tvil om at Roald skulle få Trandalblues-prisen, sa Kyrre Grimstad, ein av dei tre arrangørane i Bratt & Blått, under tildelinga av prisen laurdag.

Prisen er fyrst og fremst meint som eit handslag til nærmiljøet, og prisen er ein statuett, laga av Knut Brekke, i tillegg til ein pengesum.

Kring 1100 personar besøkte Trandalblues laurdag og søndag. Det var arrangøren godt nøgd med.



Pris: Roald Jungård, som fekk Bratt og Blått-prisen under Trandalblues laurdag. Her saman med Terje Myklebust (t.v.), Arne Moe og Kyrre Grimstad som også var stødig konferansier.



Mat: Mat er viktig på bluesfestival. F.v. Liselotte Barstad, Renate Nystøl og Hildegunn Brudevik selde m.a. grilla hamburgerar.



Lokat: Knut Eilefsen frå Bjørkedalen song saman med det lokale bandet TightRope.



Trandalblues: Det var lett å invitere folk til dansegolvet. Kanskje var det nokon som fann kvarandre i løpet av kvelden?



Båttur: Veninnene Eva Gjøsdal (t.v.) og Ann Kristin Øverberg Haugen storkosa seg også under turen over med hurtigbåt til Trandal.